

Fra: Ruth Ørnholst (Ruth.Ornholst@hfk.no)

Sendt: 11.12.2017 15:09:29

Til: Bibliotekleiarane i Hordaland

Kopi: Terje Haugsgjerd

Emne: VS: Hordaland fylkesbibliotek inviterer til e-læringsprogrammet «23 offentlige ting»

Vedlegg: image001.png

Til bibliotekleiarane

Har du eller nokon av dine kollegaer vurdert å gjennomføre e-læringskurset «23 offentlige ting»?

Fylkesbiblioteket tilbyr kurset med samlingar og oppfølging undervegs.

Deltakarane får kunnskap om dei viktigaste offentlege tenestene på nett og styrka kompetanse på tenester som fleire bibliotekbrukarar treng meir kunnskap om.

Om kurset

Kurset vert gjennomført frå 26. januar til 16. mars, som ein kombinasjon av sjølvstudium og fysiske samlingar.

Vi vil bruke eksterne innleiarar på kvar samling. Kursansvarlig på fylkesbiblioteket er Terje Haugsgjerd: terje.haugsgjerd@hfk.no

Målet med «23 offentlige ting» er at ein skal:

- Utforske og lære om dei viktigaste digitale offentlege tenestene
- Bli betre i stand til å rettleie publikum i bruk av tenestene
- Prøve nye måtar å lære på.

I kurset er ein innom til dømes: Elektronisk ID, Noreg.no, kommunale- og fylkeskommunale tenester

Altinn og Brønnøysundregistera, Nav.no, Skatteetaten, Lovdata og juridisk nettavisar, SSB,

Lånekassen og bibliotekas digitale tenester.

Tid og stad for samlingane

Veke 4 Første samling.

Stad: Bergen, Fylkeshuset - møterom Nordhordaland

Tid: 26. januar kl. 10.00 – 15. 00

Veke 7 Andre samling.

Stad: Bergen, Fylkeshuset - møterom Nordhordaland

Tid: 16. februar kl. 10.00 – 15. 00

Veke 11 Tredje samling.

Stad: Bergen, Bergen, Fylkeshuset - møterom Nordhordaland

Tid: 16. mars kl. 10.00 – 15. 00

Målgruppa er alle bibliotektilsette

Deltaking og påmelding

Deltakarane treng eigen PC til samlingane

Kurset er gratis. Fylkesbiblioteket kan etter søknad, gi reisestipend til samlingane.

Påmeldingsfrist er 19. januar. Det er plass til 20 deltakarar på samlingane. Dersom det melder seg fleire, vil vi velje ut nokre frå kvart bibliotek. Påmeldingsskjema: <https://goo.gl/forms/0vJ94bdm6w2JLpx2>

Bakgrunn for «23 offentlige ting»

Fylkeskommunen arbeider for at folkebiblioteka kan spele ei viktig rolle for å oppnå politiske målsetjingar innan inkludering, integrering og utjamning av digitale skilnader. I den regionale kulturplanen for Hordaland 2015 – 2025, «Premiss: Kultur», er innsatsområdet inkludering er ei av hovudsatsingane for 2017, og folkebiblioteka som integrering- og læringsarenaer er eit av tiltaka.

Stortingsmelding 27 (2016)«Digital agenda for Norge» peiker på biblioteka som ein viktig aktør for kompetanseheving av innbyggjarane på det digitale. Fylkesbiblioteket har fått midlar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet for å gjennomføre opplæring av bibliotektilsette, slik at desse har kunnskap for å kunne tilby rettleiingstenester. Kursdagen vi hadde i Bergen og på Stord i september var også finansiert av desse midlane.

«23 offentlige ting» er eit e-læringskurs som er særskilt berekna på bibliotektilsette, laga av Buskerud fylkesbibliotek i samarbeid med fylkesbiblioteka i Akershus og Vestfold.

Opplæringsprogrammet 23 ting er velkjent elles i biblioteksektoren, med e-læringskurs i både sosiale media og mobile teknologiar.

Innhaldet i opplæringsprogrammet vil følgje e-læringsprogrammet «23 offentlige ting», men tema og rekkefølge vil tilpassast noko, t.d. retta mot Kjelda-prosjektet til fylkesbiblioteket, som har mål om større kjennskap og bruk av offentlege nettkjelder.

Fylkesbibliotekets kursoversikt:

<https://www.hordaland.no/nn-NO/kultur/fylkesbiblioteket/kompetanseutvikling---kurs-og-samlingar/>

Velkommen på kurs!

Venleg helsing

Ruth Ørnhol

Fylkesbiblioteksjef
Kultur- og idrettsavdelinga| fylkesbiblioteket



Tlf: 55 23 93 70 | Mob: 959 13 398
www.hordaland.no/fylkesbiblioteket